



Astrid Lavik
Eksingedalsvegen 1476
5728 Eidslandet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/211 - 22/2659

Saksbehandlar:
Tone Selmer Skuggevik
tone.skuggevik@modalen.kommune.no

Dato:
19.12.2022

Melding om delegert vedtak - tilsegn om bustadtilskot gnr 76 og bnr 86

Administrativt vedtak Teknisk etat sak nr: 030/2022

Vi syner til dykkar søknad datert 25.07.22. Søknad frå Astrid og Rune Lavik om tilskot til kjøp av eigedom.

Vedtak

Astrid og Rune Lavik får tilsegn om tilskot på kr 100 000,- til kjøp av Mo 46, gnr. 76, bnr. 86 i Modalen kommune. Jfr. « Tilskotsreglar for bustadetablering i Modalen §2.1» Til private som kjøper bustad for fyrste gong, vert det gjeve tilskot på 10% av kjøpesummen, maksimum kr 100 000,-

Saksutgreiing:

Det ligg føre kjøpekontrakt for fast eigedom gnr. 76 bnr. 86 mellom Astrid og Rune Lavik som kjøper, og Britt Nese som seljer. Kjøpesummen er på kr 2 900 000,-.

Astrid og Rune Lavik fylljer dei krava som er gjevne i tilskotsreglar for bustadetablering i Modalen. I «tilskotsreglar for budstadetablering i Modalen §2.1.» heiter det:

Til private som kjøper bustad for fyrste gong, vert det gjeve eit tilskot på 10% av kjøpesummen, maksimum kr 100 000,-.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik.

Med helsing

Tone Selmer Skuggevik
Teknisk sjef

Kopi til:

Jo Bjarte Tømmerbakke

Mottakarar:

Astrid og Rune Lavik Eksingedalsvegen 1476 5728 Eidslandet